

Sak 30-21 Tema 5. Nedgravne anlegg

Tømming av nedgravne anlegg er sett til pris for standardabonnement. Disse abonnentane får frådrag for felles oppsamlingseiningane, men får påslag for ekstra dyr eining i innkjøp og drift, fordelt på relativt få abonenntar. Mengdene med restavfall er og høgare frå slike anlegg pr. abonent, enn frå einskildbehaldarar.

Hos BIR vert disse abonnentane fakturert for bruk av meir enn 60 leveringar av restavfall pr år, som skal tilsvare 140 L restavfall pr månad.

VØR har i dag tilgangskontroll på så godt som alle stål brønnar som er i drift, så dette lar seg gjennomføre. Dette må vi sjølvsgart teste ut først, om ein ynskjer å gå for slik ordning. Poenget er at det er løysbart.

Vi har ca. 20 molok brønnar som ikkje har eller er førebudde for slik teknologi. Dei må evnt. skiftast ut med typar som har adgangskontroll og nivåmåling. Vi prøver no ut Molok Domino på Melsgjerdet, og det er ein variant med nivåmåling og adgangskontroll, som er om lag halve prisen av nedgravne betongkølommar med stålinnssats.

Avvik i beholdarane kan i disse tilfella adresserast partseigarane i sameiga.


Investeringeskostnad 2,7 mill kr i utskifting av dagens Moloktankar med betong, sekkar og tilgangskontroll.

Utfordring med systemet i høve behaldarar.

Dei med behaldarar får rabattar utifrå tal behaldarar og kor mange som samarbeidar om oppsamlingseining.

Direkte overført til oss, så vil dei med nedgravne anlegg få høgre gebyr, enn dei som samarbeida om plastbehaldarar. (5 bueiningar med inntil 70 l restavfall pr bueining) Korleis dei med nedgravne anlegg vil stille seg, når dei forstår at store plastbehaldarar kan gi billigare abonnement, kan bli ei pedagogisk utfordring.

Truleg ein grunn til at RIR har færre nedgravne løysingar enn VØR, til tross for at selskapet er tre gangar så stort.



Petter Bjørndal